

## Referat

### Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Tysdag 24. januar 2023 kl 19.30

Sakralrommet, Førdehuset

#### **Møtte:**

#### **Faste medlemmar:**

Svein Inge Bjørkedal, Kirsten J. Friis, Trude Tenold, Gerd Nesbø, Leon Årdal, Wilhelm Støylen

#### **Varamedlemmar:**

Åsmund Rakke

**Sekretær:** Johan Bengtsson

## Referat:

### Saker:

#### **1. Oppsummering av Frivilligkonferansen**

Ynskjer vi gjenta Frivilligkonferansen? Kva ynskjer vi oppnå? Fagleg annakvart år og utøvande annakvart? Aktivitetshapping 16-17.9 i Førdehuset.

Økonomi: Overskot 45.835 Foreløbig, manglar nokre postar

Korleis rekruttere fleire på aktivitetane? Når organisasjonen er med aktivt blir fleire med.

#### **2. Søknad til Sparebankstiftinga – framtida samarbeid og søknader**

Svein Inge og Kirsten har vore i møte med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Sunnfjord kulturråd har fått avslag på søknaden om tilskot til ein administrativ stilling.

Sparebankstiftinga ynskjer samarbeid med Sunnfjord kulturråd. Dette kan dei tilby:

**Steg 1.** Sunnfjord kulturråd kan få gje innspel til dei forenkla søknadane opp til 30.000 kr

**Steg 2.** Dei tilbyr ein sum per år til Sunnfjord kulturråd for fordeling til kulturlivet.

**I tillegg:** Inkluderingsmidlar til lag og organisasjonar.

Sunnfjord kulturråd er ein ny organisasjon under oppbygging. Er det dette vi skal satse på i organisasjonen? Dette er ein sak som bør opp på årsmøtet.

Forslag til vedtak: Kirsten og Svein Inge tar eit møte til med Pål Fidjestøl og utarbeider eit forslag til samarbeidsavtale som vert lagt fram på styremøte vedrørende steg 1. og inkluderingsmidlar. Vi kan invitere Pål Fidjestøl til eit styremøte.

#### **3. Møte med Utval for Samfunn, næring og kultur**

Kirsten og Svein Inge var på møte med utvalet. Dei presenterte Sunnfjord kulturråd og informerte om arbeidet. Dei kom med innspel om lokala i Førdehuset og leigepriser – ein ordning som i Bergen, dvs gratis for lag og organisasjonar. Kirsten fortalte om folkedans-prosjektet der ho og Leon saman med distriktsmusikarane.

#### **4. Samarbeid med andre organisasjonar**

Saken vert utsett, sjå sak **2 og 6**

## 5. Møteplan for våren 2023

Tysdag 28. februar Kl. 19.30 – 21.00 Sakralrommet

Tysdag 28. mars Kl. 18.00 – 19.00 Sakralrommet, kl 19.00 – 20.30 fortsett vi i innspelsmøte til Plan for kultur, frivillighet og integrering i Festsalen.

Årsmøte tysdag 18. april 18.30 – 20.00 i Festsalen

## 6. Andre saker

Trude: Det manglar tilbod for vaksne innom kultur. Keramikkverkstad

Wilhelm: Tilbod for vaksne på Kulturskulen.

Gerd: Folk har liten kunnskap om lag og organisasjonar i dag – skal kulturrådet arrangere kurs i organisasjonsdrift? Kan det vere i samarbeid med idrettsrådet, kommune og sparebankstiftinga? Dette kan og vere ein sak til årsmøtet.

Vi har høve til å ta folkeverkstad og atelier i bruk på Førdehuset. Læringsverkstad

Sunnfjord kommune tilbyr lokale gjennom vaksenopplæringsordninga.

Søke midlar: Tilskudd.no Studiestøtte gjennom studieforbund som Norsk musikkorps forbund, Norsk korforbund, Norsk husflidslag osv.

Møte over generasjonar – Bornas Verdsdag er eit godt eksempel. Kan Sunnfjord kulturråd lage til ein verkstad med aktiviteter for alle aldrar.

Fana: Det må følgje med nokre pengar. Først må vi ha ein logo

Tur til Bodø: Sunnfjord dekker eigenandel til Svein Inge Bjørkedal på ca 6.000 kr.

Førde 24.01.23

Johan Bengtsson